



SULA KOMMUNE

Vedtekter for kommunale barnehagar i Sula kommune

- Gjeldande frå 01.01.2020

Vedtekter for kommunale barnehagar i Sula kommune – gjeldande frå 01.01.2020

Barnehageeigar skal fastsette barnehagen sin vedtekter. Vedtektene skal gi opplysningar som er av betydning for føresette sitt forhold til barnehagen.

§ 1. Hovudrammer og føremålet med drifta

Kommunale barnehagane i Sula skal drivast i samsvar med "Lov om barnehager, «Rammeplan for barnehagen", og dei føresegnene og retningslinjene som til ei kvar tid vert fastsette av departementet og gjennom kommunale vedtak.

§ 2. Administrasjon

Sula kommune eig og driv dei kommunale barnehagane. Fagutvalet for oppvekst har som barnehagenemnd ansvaret for forvaltninga av barnehagane i kommunen. Barnehagane er administrativt knytt til kommunalsjef for oppvekst.

§ 3. Foreldreråd og samarbeidsutval i barnehagar

For å sikre samarbeidet med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Foreldrerådet er alle foreldre/føresatte til barna i barnehagen. Oppgåvene til foreldrerådet vert regulerte av forskrifter til "Lov om barnehager".

Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Kommunen skal som eigar vere representert i samarbeidsutvalet med ein representant med vara. Oppgåvene til samarbeidsutvalet følgjer av forskrifter til "Lov om barnehager".

§ 4. Godkjenning av barnehagar

Etter "Lov om barnehager" er kommunen ansvarleg for godkjenning av barnehagar. Alle barnehagar skal vere godkjende av kommunen før verksemda vert starta. Godkjenning av barnehagar skal vere i samsvar med "Lov om barnehager" med forskrifter og departementet sine merknadar til denne. Før godkjenninga må ein ha godkjenning etter "Forskrift om miljøretta helsevern i skoler og barnehager mv." frå helsestyremaktene.

§ 5. Opptak av barn

Melding om hovudopptak i barnehagar i Sula kommune med søknadsfrist 1. mars, vert lyst ut i pressa og lagt inn på Sula kommune sine heimesider. Ved søknad om barnehageplass skal det nyttast elektronisk søknadsskjema. Dette kan ein finne ved å gå inn på www.sula.kommune.no

Plassane i dei kommunale barnehagane er for barn som er busett i kommunen og har rett til plass, i tråd med Sula kommune sine retningslinjer. Ved ledig kapasitet kan barn frå andre kommunar få plass. Barn som blir tildelt plass i kommunale barnehagar, beheld plassen inntil opplæringspliktig alder eller til plassen blir sagt opp. Det er i denne tida høve til å søkje om endring av type barnehageplass og overflytting til annan barnehage i kommunen. Det er ikkje høve til å søkje permisjon frå barnehageplassen.

Samordna opptak:

Kommunen er ansvarleg for samordna opptak for kommunale og private barnehagar.

Samordna opptak skal mellom anna sikre likebehandling av barn og likebehandling av kommunale og private barnehagar. Opptaket blir regulert av barnehagelova med forskrifter og departementet sine merknadar til denne. Etter delegert mynde gitt av rådmannen, gjer styrar opptak for eigen barnehage i samsvar med kommunen sine opptakskriterie.

Opptakskriterie:

Opptakskrets er Sula kommune.

1. §13 Barnehagelova, prioritet ved opptak på grunnlag av sakkunnig vurdering om nedsett funksjonsevne. Barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barnevern.
2. Endring av plass/barnehage (gjeld både private og kommunale barnehagar, jamfør Lov om barnehage)
3. Barnehageeigar sin prioritering
 - Rekruttering av personale
 - Søsken av barn som har plass i barnehagen (når søsken går i barnehagen ved hovudopptak)
4. Siste år før skulestart
5. Tilrådingar
 - Skriftelege tilrådingar frå offentleg instans, lege og liknande
6. Utdanning
7. Einsleg
8. Kultur/anna språk
9. Begge foreldre i arbeid

Ved samansetting av barnegruppene skal det takast omsyn til at det vert ei rimeleg fordeling med omsyn til alder, funksjonsnivå og kjønn. Styrar har mynde til slike vurderingar. Ved søknadar som elles stiller likt blir det gjort slik tildeling:

- Ved lik alder (født same år): alder (født først)

Søknadar som ikkje får 1. eller 2. valet sitt, har rett til å stå på venteliste til 1. valet. Søknadar som ikkje får tilbod om plass, blir automatisk sett på venteliste.

Klage:

Ved hovudopptak kan søkar klage over avslag på søknad om barnehageplass. Dei som verken får 1. eller 2. ønske om barnehageplass, har klagerett. Klagen må framsetjast skrifteleg til kommunen. Dersom kommunen i samarbeid med barnehagen, ikkje gir klagaren medhald, skal kommunen sende klagen til Klagenemnda under Fagutval for oppvekst. Dette er endeleg klageinstans. Blir klagen tatt til følgje, får barnet rett til å få tildelt første ledige plass i den aktuelle barnehagen.

§ 6. Foreldrebetaling

Etter sentrale føringar, fastset kommunestyret foreldrebetalinga. Betalinga skjer forskottsvis den 15. i kvar månad. Det blir kravd betaling i 11 månader. Juli er betalingsfri. I tillegg skal det betalast kostpengar. Kommunestyret fastset dette beløpet kvart år.

§ 7. Oppseiing og endring av barnehageplass

Oppseiing og endring av barnehageplass skal gjerast digitalt via heimesida til Sula kommune. Fristen for oppseiing er 3 månader og gjeld frå den 1. i etterfølgjande månad. Om barnehagen får fylt opp plassane, kan oppseiingstida avkortast tilsvarande. Siste frist for oppseiing av

plass før sommaren er 31. mars. Barn som skal begynne på skulen, treng ikkje seie opp plassen sin. Ved manglande betaling blir plassen trekt attende etter 1 månads varsel. Det er klagerett på eit slikt vedtak. Så lenge betalinga ikkje er i orden, vil ikkje barnet få behalde tildelt plass.

§ 8. Helse og hygiene

Barnehagen kan avgjere om eit barn på grunn av sjukdom, mellombels ikkje kan møte i barnehagen av omsyn til barnet sjølv eller dei andre barna. Vi viser til skjemaet "Barnehager og syke barn" og retningsliner gitt av Folkehelseinstituttet.

Ved ulykker og sjukdom avgjer barnehagen om lege må kontaktast omgåande. Styrar er ansvarleg for at føresette vert kontakta om det oppstår ulykke eller alvorleg sjukdom.

§ 9. Opplysningsplikt

Alle tilsette i barnehagen har meldeplikt og opplysningsplikt i henhald til gjeldande lov- og regelverk.

§ 10 Politiattest

Den som skal arbeide i barnehagen må legge fram tilfredstillande politiattest jamfør barnehagelova.

§ 11. Opningstid og ferie

Barnehageåret startar 1. august. Opningstida i dei kommunale barnehagane er fastsett av Fagutval for oppvekst til inntil 10,25 timar pr. dag, innafor tidsrommet 6.45-17.00 evt 06.30-16.45. Tilrådd maksimal opphaldstid for barnet er 9 timar pr dag. Ordinær opningstid 7.00-16.30. Opningstida til dei einskilde barnehagane blir regulert ut frå påmelding kvart barnehageår, om det er behov for utvida opningstid grunna jobb eller helse. Utvida opningstid kan endrast gjennom året.

Barnehagane er opne alle kvardagar. Unntaka er jul - og nyttårsaftan, kvardagane i romjula og påskeveka og 5 planleggingsdagar.

I og med at juli månad er betalingsfri, må barna ha 4 veker fri, dette vert rekna som barna sin ferie. 3 av desse vekene må takast samanhengande i skulen si ferietid om sommaren, jmf skuleruta.

Barnehagane kan samarbeide om drift i sommarvekene, ut ifrå kartlegging i den enkelte barnehage. Dei stengde dagane i romjula og påska blir rekna som barna si 4. ferieveke.

Barn som skal byrje på skulen, eller av andre grunnar skal slutte, må avvikle ferien innan gjeldande barnehageår etter reglane ovanfor.

Grunna avvikling av personalet sin ferie, skal barna sin ferie kartleggast gjennom bindande påmelding etter gjeldande fristar.

§ 12. Planleggingsdagar

For å sikre drift etter formålet, kvalitetsikrar ein dette arbeidet gjennom blant anna planleggingsdagar for heile personalet. Det vert avsatt 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret. Barnehagen er stengt på planleggingsdagane. Ved starten av kvart barnehageår får dei føresette ei barnehagerute som viser kva tid barnehagen har planleggingsdagar.

Barnehageruta vert, så langt det let seg gjere, samordna med studiedagane til skulen og SFO i kommunen.

§ 13. Ansvar

Barnehagen har ansvaret for barna i den tida dei oppheld seg der. Foreldre/føresette har ansvar for levering og henting av barna sine.

§ 14. Forsikring

Sula kommune teiknar kollektiv ulykkesforsikring for kvart barn som har plass i dei kommunale barnehagane.

§ 15. Leike - og opphaldsareal

Følgjande rettleiande norm for netto leike og opphaldsareal vert lagd til grunn ved godkjenning av barnehagar:

Ei arealnorm på 4 kvm. for barn over 3 år.

Ei arealnorm på 5,4 kvm. for barn under 3

år. Leikeareal ute på 6 gongar leike- og opphaldsarealet inne.

§ 16. Årsplanar

Alle barnehagar skal ha ein årsplan i henhald til «Lov om barnehager».

§ 17. Teieplikt

Alt personell, medlemmer av samarbeidsutvalet og politiske utval har teieplikt etter reglane i "Forvaltningslova"

§ 18 Internkontroll

Barnehagen følg «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.», samt «Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter» (Internkontrollforskrifta)

§ 19. Endring av vedtekter

Vedtektene oppdaterast slik at det til ei kvar tid er i samsvar med gjeldande regelverk og politiske vedtak.

Vedtektene er vedteke i kommunestyret den 18.12.2019 sak nr 102/19

Vedtektene gjeld frå 01.01.2020.

Hildegunn Pedersen

Kommunalsjef for kultur og oppvekst